

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 26.09.2017
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Berit Berntsen, Nina Carstens og Ola Rye
SAKA GJELD: **Risikovurdering 2. tertial 2017**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 046/17

STYREMØTE: 03.10.2017

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek risikovurdering per 2. tertial 2017 til etterretning.

Oppsummering

Arbeidet med risikostyring i SAV er forankra hjå nivå 2 og nivå 3 leiarar gjennom at alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant.

Gjennom andre tertial i 2017 er det samla risikobilete lite endra.

Styringsmål 1 (Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast ...) er i hovudsak uendra men med risiko innan styringsmål 1.4 (SAV er aktiv bidragsyter i prosjekt for legemiddeltryggleik for utarbeiding av felles regionale kvalitetsindikatorar og arbeidsprosesser på legemiddelområdet) der framdrift i regionalt og lokalt arbeid pregar risikobilete for SAV.

Styringsmål 2 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredsstillande avkastning...) har framleis risiko i høve til at tiltak tar tid å implementere og at SAV er avhengig av både nasjonal utvikling og lokal kulturendring for å nå måla.

Fakta

Risikovurdering skal etter regionale retningslinjer for risikostyring gjerast på føretaksnivå og peike på dei viktigaste risikoområda for føretaket.

Status i andre tertial:

Styringsmål 1 «Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta..» har uendra risiko knytt til riktig og trygg bruk av legemiddel i heile pasientforløpet, utsetjing av innføring av Meona og risiko som følge av at legemiddeltryggleiksprosjektet vert avslutta utan at prosjektmåla er nådd.

Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredsstillande avkastning..» har uendra risiko knytt til at nasjonal strategi må utviklast og forankrast i regionane. Det vert arbeid med kultur og forståing for sal og marknadsarbeid og systematisk gjennomføring av marknadsarbeid.

Styringsmål 3 «SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste gjennom fokus på pasientane ...» har risiko i høve til i mangelsituasjonar på legemidlar og behov for å styre legemiddelkostnader.

Styringsmål 4 «HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen...» har uendra risiko knytt til ulike rutinar ved produksjon av cytostatika, oppfølging av ruinar for avviksmelding og bruk av synergi samt risiko for småskader (stikk og kutt).

Det er ikkje teke inn nye eller teke ut risikomoment i tertialet.

Kommentarar

Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinere handlingsplanane i SAV.

Konklusjon

Samla sett er risiko lite endra i andre tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast. Under Styringsmål 1 «Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast» og Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..» er det delelement med høg risiko ved utgangen av tertialet og der vert tiltak prioritert.

Vedlegg

1. Risikomatrise SAV 2.tertialet 2017